

Møtereferat – Samarbeidsutvalet (SU)

Dato: 04.02.2026 Kl 19.00

Stad: Øygarden ungdomsskule

Tilstades: Andrea Dale (elevrepresentant), Teodor Fjeldstad (elevrepresentant), Hanne Linn Alvheim (FAU), Trine Omland (rektor), May Britt Heggholmen (politisk repr), Anne H D Torsvik (lærer)

Meldt fråfall: Kamilla Njærheim Barstad (FAU) & Aina Haugetun (Tilsett)

1. Godkjenning av innkalling og referat

Innkalling og referat er godkjend.

2. Oppfølging av referat frå førre møte (02.12.2025)

Status på saker som vart meldt inn:

a) Oppgradering av uteområde (ballbinge, treningsstativ, hengjekøyedisser)

b) Busskur

Svar til ØUS frå einingsleiaren for vegforvaltning i kommunen:

Vi fekk ingen investeringsmidlar til 2026 for å bygga busskur. Men du kan ta direkte kontakt med Skyss via denne lenka:

[Tilbakemelding eller spørsmål?](#) Og kryssa av på «Tilbakemelding på haldeplass».

Rektor har på vegne av samarbeidsutvalet send melding til Skyss.

c) FAU sitt arbeid med kveldsaktivitetar:

- Juleball 16.desember: Bilete deling vert på privat facebookgruppe. Kort evaluering: Godt oppmøte, god mat, gode aktivitetar og god stemning. FAU opplever at elevkomiteen for ulike kveldsarrangement gjer ein grundig og god jobb.
- Musikal i veke 7 og 8. Her kjem det ei vaktliste til alle føresette der det er skreve kva ein ventar av dei i samband med musikal og kiosksal under musikal.
- FAU ønskjer forslag frå elevar til ein ny temakveld i mars.

d) Politisk innspel om fritidstilbod (MOT-klubb)

Det er vedteke i budsjettet at kommunale MOT-klubber får eit samla tilskot. Pr no så er desse klubbane så langt SU veit ikkje lokalisert på Rong.

3. Orientering frå skulen

a) Elevundersøkinga – status

2025-26 ?												
Hele landet ?												
Vestland ?												
Øygarden ?												
Alle skoler ?							Øygarden ungdomsskule ?					
8. årstrinn ?		9. årstrinn ?		10. årstrinn ?		8. årstrinn ?		9. årstrinn ?		10. årstrinn ?		
Alle eierformer ?		Alle eierformer ?		Alle eierformer ?		Alle eierformer ?		Alle eierformer ?		Alle eierformer ?		
Alle kjønn ?		Alle kjønn ?		Alle kjønn ?		Alle kjønn ?		Alle kjønn ?		Alle kjønn ?		
Indikator - Spørsmål	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?
+ Trivsel	4,1	502	4,0	477	4,0	452	4,2	43	4,1	58	3,8	38
+ Støtte fra lærer	4,1	497	3,9	464	3,8	443	4,3	43	4,1	56	3,9	35
+ Støtte hjemmefra	4,2	485	4,1	457	4,0	442	4,0	42	4,2	56	3,7	38
+ Vurdering for læring	3,4	463	3,2	439	3,2	423	3,5	40	3,5	54	3,1	35
+ Læringskultur	3,6	494	3,5	462	3,5	449	3,7	43	3,8	55	3,4	37
+ Mestring	3,7	469	3,6	446	3,6	429	3,9	42	3,6	55	3,8	36
+ Motivasjon	3,3	498	3,1	474	3,1	445	3,5	43	3,4	57	3,0	37
+ Eleivdemokrati og medvirkning	3,3	477	3,3	450	3,1	436	3,4	43	3,6	56	3,1	37
+ Felles regler	4,2	494	4,0	454	3,9	435	4,1	43	4,3	56	4,0	37
+ Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)			3,3	461	3,6	441			3,5	55	3,5	38
+ Faglig utfordring	4,0	497	4,0	471	4,2	449	3,7	43	4,0	57	3,7	38

2025-26 ?						
Hele landet ?						
Alle fylker ?				Vestland ?		
Alle kommuner ?				Øygarden ?		
Alle skoler ?				Øygarden ungdomsskule ?		
8. årstrinn ?	9. årstrinn ?	10. årstrinn ?	8. årstrinn ?	9. årstrinn ?	10. årstrinn ?	
Alle eierformer ?	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?	
Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?	
Indikator - Spørsmål	Andel mobbet ?	Andel mobbet ?	Andel mobbet ?	Andel mobbet ?	Andel mobbet ?	Andel mobbet ?
- Mobbing på skolen	9,2	10,2	9,6	4,7	8,6*	0,0
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?	7,7	8,0	7,2	*	8,8*	0,0
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene?	2,1	3,6	4,1	0,0	0,0	0,0
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	3,3	3,8	3,7	0,0	7,1*	*

b) Fråværsoppfølging med TOG – Trygt og godt skulemiljø

Først nokre nasjonale funn frå Norstat si undersøking for NRK.

- 4 av 10 føresette til elevar i grunnskule (1.-10.trinn) strevar med å få borna på skule!
- 18 % av elevar i grunnskulen (1.-10. trinn) hadde eit fråvær på meir enn 20 dagar I skuleåret 24/25!
- Gjennomsnitteleg antal fråværsdagar har dopla seg for elevar i grunnskulen etter pandemi.

Lenke til kjeldeartikkel på NRK: <https://www.nrk.no/horae/si/fire-av-ti-foreldre-i-aldersgruppen-30-59-ar-har-opplevd-eller-opplever-at-barnet-ikke-vil-pa-skolen-1.17743577>

Her er oversikt over fråvær på Øygarden Ungdomsskule. "Totalt på skulen" viser prosentandel av elevar på skulen som har eit fråvær på 10% av skuledagane så langt i året. Gult tal viser at i fjor endte vi opp med at 33,4% av elevane våre hadde eit fråvær på 19 skuledagar eller meir.

Klasse	Skuleåret 24/25 190 skuledagar	3.okt 25 37 skuledagar	3.nov 25 52 skuledagar	15.jan 95 skuledagar	
	# elevar med 19 eller fleire fråværsdagar	# elevar med 4 eller fleire fråværsdagar	# elevar med 6 eller fleire fråværsdagar	10 el fleire fråvær	
Totalt på skulen	29,66 / 33,4	10,9 %	28/165= 17%	33/167 = 19,8 %	

Skulen satsar dette skuleåret på å implementere nye rutinar for fråværsoppfølging:

- Ny kommunal plan og rutine for å handsame fråvær.
- Månadleg refleksjon og kvalitetssikring av oppfølging etter fråvær.
- Avdekkande samtalar med elevar og føresette ved uro som standard ved 10% fråvær eller anna observert vegringsåtfærd.
- Systematisk oppfølging ved konsultasjon i BTI-team.
- Strukturtiltak som førebygging knytt til nevrodivergente elevar.
- Universell utforming av klasserom.
- Tidleg innsats ved vegring er gull verd.

c) Arbeid med grunnleggande dupleiker

- Auka fokus på lesing, skriving og rekning.

d) Evaluering av Meistringsdagar i veke 4

- Gode og varierte dagar der elevar mellom anna fekk moglegheit til å teste ulike valfag, vere fysisk aktiv, utforske ulike

interessefelt, utfolde seg i norsk vinternatur, lære meir om folkehelse og teste arbeidslivsfag.

e) Skulens budsjett og ressursplan

	Rev. bud. denne periode	Rev. bud.
varer og tenester	148 250	1 712 000
· Kontormateriell	2 249	27 000
· Undervisningsmaterieil	29 821	397 000
· Samlepost anna forbruksmaterieil- råvarer ster	2 749	33 000
· Telefonutgifter/datakommunikasjon	833	10 000
· Opplæring kurs	2 832	34 000
· Reiseutg. (båtbillett-parkering- nger-taxi-fly)	0	36 000
· Transport av elevar / born (skuleskyss)	108 100	1 106 000
· Kontingenter- lisensar til Tono- Bono- NRK- DR	833	10 000
· Serviceavtalar- reparasjonar og istertenester	833	10 000
· Kjøp frå andre (private)	0	49 000

Signal frå oppvekst om ressurstildelingar for neste skuleår: Faktorstyrt tildeling og større grad av sosiodemografisk utjamning i tildelinga til skulene.

Tiltaksbeskriving i vedtatt budsjett er:

Tiltaket inneber at det vil gjerast endringar i tildelingsmodellen til skulesektoren med verknad frå skuleåret 2026/2027. Ein gjennomgang gjort i 2025 har kartlagt eit teoretisk innsparingspotensial i skulesektoren samanlikna med andre kommunar.

Ein reduksjon av ressursar i dette omfanget vil innebære at det må reduserast i følgjande områder i skulane:

- Miljøretteleiarar
- Fagarbeidar/assistentar
- Forsterka språkopplæring i skulane
- Leiingsressurs i skulane (med merkantil)
- Effektivisering individuell tilpassa opplæring

4. Innspel frå representantane

a) FAU

- 10-klassetur er reservert til Austevoll.
- FAU har sponsa bussar til Furedalen.
- Musikalinntekter frå kiosksal går til skuletur for 10.trinn.
- Ved val av FAU neste skuleår er det viktig at det må kommuniserast tydeleg at FAU representantar må stille på alle

FAU-møter. Det må vere to representantar frå kvar klasse pluss vara.

- b) Elevrepresentantar
 - Ingen saker å melde.
- c) Tilsette
 - Ingen saker å melde.
- d) Politisk representant
 - Ingen saker å melde.

5. Plan for våren

- a) Møteplan - 29.april kl 19
 - Innmeldt tematikk er neste års lokale skulerute- og endring av tidspunkt for nokre av planleggingsdagane)
- b) Musikal – alle elevar på skulen får personleg billett til ei førestilling.
- c) Eksamensavvikling 20.- 26.mai – Skriftleg eksamen. 4. juni

6. Eventuelt

- Ingen saker å melde.

7. Elevane sitt psykososiale miljø

Elevar er ikkje med på denne delen av møtet og innhald vert ikkje referatført.

Referent: Trine Omland